

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9

Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Elverum

Emne: Lauving

Bygdelag: Bjølsetgrenda

Oppskr. av: Olav Furnuset

Gard: Bjølset Lanergard

(adresse): Jømnast

G.nr. 1 Br.nr. 16-18.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Delvis etter eiga røynsle*B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Småbrukar Olav Sandaker, 59 år, Bjølsetgrenda gm. Jømnast.

SVAR

A. 1. Det taes sjeldan lauv i Heradsbygda nå. I den siste verdenskrigen tok dei ein del lauv, men ikkje så svært mye meir enn vanleg. Den årvisse lauringa slutta dei med for ein 50 år sidan her i Bjølsetgrenda. (1900)

2. Vanlegvis tok dei lauvet i august. Torleg når ein skulle ta rapalauv måtte det ikkje sitta for hardt på. Dei tok det helst like før lauvet tok til å gulna om hausten. Telve tok dei som rapalauv. Ogn og or som hakklauv. Bjørklauvet tok dei helst som kjervlauv.

Å ta rognlauv kalte dei å "tuppa rogn". Mange kliv ogn i dei største rogntræa og "tuppa rogn". Det lauvet som fall ned raka dei ihop etterpå.

3. Når dei skulle ta hakklauv og kjervlauv nytta dei ein heimsmiddel kniv dei kalte "lauvhakk". Når dei rapa lauv bøydde dei trærane nedåt seg med ein "haka", laga av ei grein. Dei rapa lauvet oppi ein meis og bar det til tørkeplassen. Denne rapinga tok på fingrane. Difor laga dei ein "smokk" av tynt feittil til hommel og peikefingeren.

4. Rapalaur tok dei stött av rotfaste
trær. Hakklaur og kjerolaur tok dei oftastar
trær dei hogg ned.

Når dei skoghogg laurskog eller skigarder
og reiner drog dei buskene ihop i hanger,
medan andre hakka av småkvist og laur.
Dette hakklauret torka dei på bakken, men det
hindte dei herja det og.

I Bronka tok vi eingong hakklaur etter
ei grøft som gjekk gjennom heile jorden. Han
far gjekk före og rothogg og vi tok hakk-
laur. Når ein rothogg kjem ikkje «nyrånan»
at så lett. Vi fekk lauret gratis for dette arbeide
og det tykte vi var bra.

Trær som stod på utstatter og immark
«kölle» dei ^{for å laur lauret.} Dei tok til å «kölle» hea når dei
var i manns högde.

5. Dei tok risjelaurvet i ~~ein~~ store «køje-
meser» (meis). Ho mor tok mye rapalaur
på Eriken ved Jönnåa. Vi onga var med og
åt heggebar, veit eg. Ho tok 2 kjøjemiser om-
gongen og rodde over åt Torperud. Så drog ho
dei heim på handkjena.

Rapalaurvet torka dei stött på bakken. Om
kvelden raka dei det opp i rader. Ein måtte
vera varsam så ein ikkje gnudde det for mye.
Ofte sette dei et bord eller ein planke på kant
ved laurbreia så det ikkje skulle blåse utover.

Hakklauret torka dei på bakken i pent var.
Ellers brukte ein å herja det. Vanlegvis på herja
av «hessjekraker og stenger».

Kjerolaur tok dei stött av trær dei hogg ned.
Kara hogg ned hea og kvinnfolka var med

3

og tok kjerver. Kjervlauv tok dei helst på bjørk. Ein tok kvister på lag så lange som eit kornband og batt ihop til kjerv. Dei rekna kjervlauvet i sneiser. Ti kjerver i sneia. Dei hengt kjervane til tork på låveveggen eller dei reiste dei opp ved skigarden. Kjervlauvet tok dei inn mens det enda var mynket på nattedaggen. Dei gjorde det slik så ikkje lauvet skulle bli for skjort og dette av.

Kjervlauvet la dei på hjeller på låven.

"Ho mor tenk på Lundstua Løken i Flerodsbygda i 1870 åra. Dei åtke Jvre Roko i Løken og dit var dei og hamne og tok rapalauv om hausten. Dette lauvet kjørte dei heim på vinterføre," (Olav Landaker)

7. Lauv tok dei både i innmark og utslåtter, men ikkje så mye i utmarka. Både karer og kvinnfolk var med og tok "rygglauv".

Hakklauv og kjervlauv tok dei på det viset at kara hogg ned tra og drog dei opp i hanger om dei ikkje var for store. Kvinnfolka hakka av hakklaudet eller kvister til lauvkjervane.

8. Lauvkjerva ble enten lagt oppå høyet eller på ein hjell i låven.

Rapalauvet la dei i lauvbingen. Ofte salta dei litt og.

Rapalauv og hakklauv brukte dei åt beuen. Kjervlauvet brukte dei til sau og gjeiter. Dei bredde kjervane ned på ein staur som stod i bingen. På det viset vart det ikkje så mye krast i bingen.

4
Dei brukte eit par kjerver om dagen saman med litt høg til kvart dyr.

9. Dei rekna or og orlauvet for beste lauvet. Bede enn rogn og bjørk. Dyr vart så blanke og fine i hærslaget så osplauv.

10. Alm veks ikkje villt i Elverom.

11. Ukjent etter det eg kan skjønne.

B. 1. Luv dei sammla opp på bakken om hausten kallar dei "rasklav" eller "surlav".

2. Ein rakax helst saman luv av or og rogn på dette viset.

3. Dei sammla det opp med høgriive.

4. Dei frakta det heim i "køjemiser" og sekker.

5. Det var helst kvinnfolk og unger som gjorde dette.

6. Dei la ^{surr}lavet i luv binger i låven.

7. Kven fekk ^{surr}lavet blanda med anna for som sörje.

8. Rasklav eller surlav av or og rogn rekna dei for å vera ganske bra for, om ikkje akkurat av dei beste forslaga.

9. Rasklav var nærmest å rekna for naudfa
Det vart ikkje brukt under siste verdenskrigen

1852